



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tormod Meisingset, 71 25 84 04

Tiltak i vassdrag - Molde - rehabilitering av dam Moldevatn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Føremålet med rehabiliteringa av dam Moldevatn er å auke vassforsyningsikkerheita og oppfylle gjeldande sikkerheitskrav. Vassdragsanlegget fekk ny konsesjon 22.08.2024 med krav om minstevassføring, så det skal også tilretteleggjast for måling av minstevassføring frå dam Moldevatn.

Detaljplan for miljø og landskap angjev arealbruk og prinsipp for terrengtilpasning av anleggsområda og skildrar korleis midlertidige areal skal tilbakeførast.

Arealbruksplana gjev dei fysiske rammene og arealavgrensinga for arbeidet. Plana vil vere styrande dokument for entreprenør. Den ligg også til grunn for NVE Miljøtilsynet sitt tilsyn i byggeperioden, dette er heimla i konsesjonen.

Vår vurdering

Norconsult har tidlegare vore i kontakt med Statsforvaltaren med omsyn til forureining og inngrep i vassdrag. Vår vurdering var at dette arbeidet ikkje krev løyve etter forureiningslova. Vi syner til § 8 om «vanleg forureining» frå blant anna midlertidig anleggsverksemd. Vi forutset at arbeidet vert utført skånsamt og at det vert virvla opp og spreidd minst mogleg med partiklar. Gje tidleg beskjed til Statsforvaltaren om det viser seg å bli større utfordringar enn først antatt med oppvirvling, spreining eller liknande.

Gitt visse vilkår, så er det avklart med fylkeskommunen at det ikkje er naudsynt med søknad etter *forskrift om fysiske tiltak i vassdrag*.

Statsforvaltaren tek utgangspunkt i at entreprenør ivaretek natur- og vassdragsverdiane ved anleggsgjennomføring på best mogleg måte, og at det vert tilrettelagt for trygg ferdsel og friluftsliv forbi området under arbeidet.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Tormod Meisingset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune, nærings- og miljøavdelinga

Fylkeshuset